



## OLSVIKÅSEN VIDEREGÅENDE SKOLE HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Høyring om organisering av merkantile tenester (merkantil struktur) i skulen.

Svar på høyrings spørsmål:

*1. Kva oppgåver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgåver enn dei som går frem av oversikta?*

*Korleis få til klare rollar og klar ansvarsfordeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leiing. Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leiing?*

Dei oppgåvene som er lagt til merkantile stillingar i dag samsvarer i stor grad med forslag i høyringsutkastet. Dette fungerer stort sett godt, men det kan til tider oppstå periodar som er særst travle for kvar einskild gruppe ( merkantilt personale/ avdelingsleiarar/ stab).

Det kan og bli enda tydelegare ansvarsfordeling mellom merkantilt tilsette på område kor det er tett samarbeid.

Forslaga i høyringsutkastet vil leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og den pedagogiske leiinga.

*2. Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?*

*Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?*

*Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?*

*Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?*

Skulen har i stor grad den struktur oppbygginga som blir skissert i høyringsutkastet og er nøgd med den, men vi har delt ansvar mellom økonomileiing og administrativ leiing ut frå realkompetansen til dei tilsette. Det er høg realkompetanse på skulen og realkompetanse bør vere tungtveiande i ein ny struktur for merkantilt personale.

Den nye strukturen bør ut frå vår vurdering ikkje vere bindande i dag, men rettleiande. Ny struktur kan kome over tid når det fell naturleg ut frå både personalmessige og andre organisatoriske tilhøve.

Det kan vere positivt at merkantile rutine og struktur vert godkjent av skuleeigarnivået men da ut frå ein rettleiande struktur i botnen.

Ny struktur bør sjåast ut frå eit 5- års perspektiv kor ny struktur gradvis blir implementert.

*3. Kva for kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til/kan leggjast til ulike stillingar?*

Det er positivt med kompetansekrav til stillingane, og dei som er foreslått ser bra ut. Samtidig meiner vi at realkompetanse må vurderast opp mot formelle krav, særleg i ei overgangsfase. Det bør og leggjast til rette for at det merkantile personalet kan få tilbod om vidareutdanning og kursing for å kvalifisere seg til dei ulike løpa. Dette gjeld særleg unge med mange år igjen i arbeidslivet. For dei som bare har att nokre få år i arbeidslivet bør realkompetansen bli særst vektlagt.

*4. Korleis ser de behovet for stillingar i høve skolestorleik?*

No har skulen 2 heile merkantile stillingar som rådgjever. I tillegg ei ekstra 80 % stilling som førstekonsulent som ikkje ligg på budsjett. Skulen har gått frå å vere ein mellomstor skule til å bli ein stor skule. Ut frå det bør den ekstra 80 % stillinga no bli ei fast 100 % stilling som ligg på budsjett.

Det er i dag delt ansvar for administrativ leiing mellom dei 2 rådgjeverane. Den eine har personaladministrativ leiing og den andre økonomileiing. Dette fungerer særst godt hos oss. Difor er det eit ønske å vidareføre denne ordninga inntil vidare.

*5. Kva kompetanseutvikling vil det vere behov for?*

Ut frå høyringsutkastet kan det vere behov for å vurdere realkompetansen til dei tilsette og ut frå det mulig oppdatering og ny kompetanse i høve endringar i oppgåver.